

Krigsminne frå Bjerkreim:

Sterke minne

om kvardagsliv og drama



KLART MINNE: Gjertrud Haarberg opererte både som reservemor for to små og hjelper for motstandsfolka under krigen. - Eg minnes godt alt «merakkelset», seier ho.

*

Denne artikkelen stod i Dalane Tidende 1. april 2015.

- Enn alt det «merakkelset» som skjedde! seier Gjertrud Haarberg.*
- Hendingane frå krigen gløymer ho ikkje.*

Tekst og foto Keth Odland

*

«I nittenhundreog førti, den niande april,
da fikk vi se og høre at noe var på spill.
De lå og lurte om natten da alle lå og sov.
Da hørtes et spetakkel som ingen kunne
forstå»

Gjertrud Haarberg (94) veit ikkje kven som har forfatta verselinjene, men i så å seia heile sitt vaksne liv har ho hatt dei med seg. Det same gjeld små og store hendingar frå krigsåra. Lite er viska

ut. Gleder og sorger gjennom 70 år med fred er lagte til, men har ikkje teke opp plassen for krigsminna i den uskrevne historieboka hennar. Panna er ikkje glatt lenger; sut, strev og livsvisdom har sett spor. Men bak rynkene skjuler det seg eit velfungerande arkiv.

MJØLKEKJERRE OG SVARTE FLY

Frå den aller første krigsdagen er det ikkje så mykje ho hugsar. Men eitt syn står klart føre henne: hesten og kjerra med mjølk som skulle til meieriet, og svarte fly på himmelen.

– Far skulle akkurat til å kjøra mjølka til meieriet på Bjerkreim då me såg fly på veg til Sola. Då han kom tilbake frå Bjerkreim, kunne han fortelja at det hadde vorte krig. Tyskarane hadde teke Sola flyplass. Det var svarte, tyske fly me hadde sett.

Gjertrud var 19 år då krigen begynte. Ho var eldst i søskenflokk, budde heime på Gjedrem og arbeidet på garden.

NYTT NAMN I SISTE LITEN

Dei sterkaste krigsminna hennar er frå dei siste par åra av okkupasjonen. I 1943 var ho på Bjerkreim hjå Valborg og landhandlar Sverre Vinningland for å hjelpa til litt i forbindelse med dåpen til guten deira.

– Sigmund Vegard skulle han heita. Dei var komne heilt inn i barnekammerset i kyrkja då Sverre, faren til barnet, kom springande: Sigmund Vegard var eit tysk namn; det måtte dei ikkje finna på å kalla guten.

Dermed blei han heitande Håkon. Mange som blei døypte under krigen, fekk namnet Håkon gjerne Håkon Syvert til og med – Kong Håkon er jo den sjuande – men Valborg og Sverre nøgde seg med Håkon, veit Gjertrud.

BLEI MOR OVER NATTA

Meir dramatisk enn ei brå navneendring var det som skjedde då Gjertrud eitt års tid seinare, om våren i 1944, igjen var på Bjerkreim for å hjelpa Valborg med noko.

– Eg hadde sove der om natta. Om morgonen var Valborg så overgitt; Sverre hadde ikkje vore heime om natta, og ho hadde ringt til butikken utan å få svar. Det gjekk ikkje lenge før tyskarane kom og spurte etter Sverre. Valborg sa at ho visste ikkje kor han var. Då tok dei henne i staden. I full fart blei ho arrestert. Ingen beskjed fekk ho gitt. Igjen stod eg med to ungar. Håkon på eitt og Eva på to og eit halvt år. Eg ringte til Peder, far til Sverre, og fortalte at tyskarane hadde teke Valborg. «Ja, sa han, – dei har vore her òg.» Så spurte han om eg kunne ta meg av barnebarna hans. Det sa eg at eg kunne. Eg tok dei med meg heim til Gjedrem. Stakkars gilde ungane! I åtte månader hadde eg dei hjå meg og var «mor» for dei.

Gjertrud er tydelig rørt når ho snakkar om dei to små. – Litle Håkon kunne ikkje snakka, men han lærte litt etter kvart. Alle han ikkje kjende, kalla han bare «mannen». Eg hadde både han og søstera med meg i fjoset. Dei hadde kvar sin trekopp, og når me mjølka, fekk dei litt frå den kua og litt frå den. Til Eva hadde eg sagt at mamma var i Stavanger, og at ho måtte vera hjå meg imens. Til Håkon kunne eg jo ikkje seia noko sånt. Eg hugsar at når eg tok han opp av vogga om kvelden for at han skulle få tissa, så villen han bare liggja på armen min etterpå. Gilde gode Håkon! Og intelligente Eva Vinningland! Ein gong kom ein norsk nazist og spurte kven det var sine ungar. Eg sa at det var mine, men at eg for tida ikkje hadde nokon mann. Då han spurte Eva kva ho heitte, svarta ho «Eva Jeidrei». Me blei ståande og måpa av svaret hennar.

OPPDIKTA BRØDBESTILLING

18. september 1944 er ein spesiell dato i Bjerkreims krigshistorie. I utmarka ovanfor heimegarden til Gjertrud heldt ein stor gjeng motstandsfolk til. Dei hadde bedt Albert Gjedrem, far til Gjertrud, og ander i bygda om å beskytta og forsyna dei med det dei trong til livsopphaldet. Jonas og Kristian Vaule og fleire i Vaule-familien var blant dei som låg i skjul i telteiren.

Gjertrud minnes den dramatiske septemberdagen med gru. – M heldt på å hesja noko gras som me hadde vore litt seine å slå. Då me var heime for å eta «mellemat», ringte Gunnar (Haarberg som ho seinare blei gift med) frå butikken på Bjerkreim. Bror min Wilhelm tok telefonen. Beskjeden var at me måtte koma ned til butikken og henta brøda me hadde bestilt. Eg forstod med éin gong at noko spinngale var på ferde. Me baka brøda våre sjølv, og hadde ikkje bestilt nokon ting. Eg sa til Wilhelm at han mått sykla ned til butikken men éin gong. Eta fekk han gjera seinare. Det var åtte-ti tyske offiserar i butikken då han kom ned. Gunnar formante han om å skunda seg heim og varsla flyktningane i telteiren om at tyskarane var på veg. Eg hugsar at eg sa til Wilhelm at han måtte ta med seg staurar og lata som om han skulle ordna med hesjene. Springa måtte han for all del ikkje gjera.

VARSEL I TIDE

Ho fortel engasjert. Sinnet mot fienden kan ennå merkast i stemmen hennar.

– Var du ikkje redd?

– Nei det var eg ikkje. Eg tenkte bare på kva me måtte gjera for å stoppa det fordømte pakket.

Wilhelm fekk varskudd flyktningane. Men då han kom tilbake til garden, blei han arrestert. Tyskarane fatta mistanke. Også Albert blei arrestert denne dagen. Tidligare på dagen hadde han vore i banken og henta nokon pengar for Jonas og Kristian Vaule. Han gjekk opp til leiren for å levera pengane, men fekk ikkje utført ærendet. På vegen ned igjen gjøymde han pengane innunder ein stein.

Det som er kjent som slaget på Gjedrem, med kraftig skotveksling mellom tyskarane og folka i leiren, enda utrulig nok med at motstandsfolka kom seg vekk frå leiren utan å bli tekne, i første omgang. Nokon av dei støtte på fienden, men klarte å skyta seg fri. Bortestt fra ein mann frå det norske statspolitiet blei ingen skadde i slaget.

Det var på hengjande håret at det gjekk så godt som det gjorde. Hadde Wilhelm teke tid til å eta før han sykla til Bjerkreim, kunne det ha gått skikkelig gale, reflekterer Gjertrud.

PENGAR I SKJUL

Pengane under steinen kom til rette eit par månader seinare.

– Det kom eit brev frå Grini. Far var urolig for sauene i marka. Lamma setja seg fast ein plass ved ein stein, stod det. Me forstod kva han ville. Eg og søstera mi gjekk opp i marka og leita og leita. Til slutt, då me heldt på å gi opp, fann me setleboka. Eg la pengane på eit norgesglas, grov dei ned under bakstebordet i jordkjellaren og la nokre nettbuntar over. Der låg dei til krigen var slutt. Rundt 10.000,- kroner var det; fryktelig mykje pengar på den tida, konstanterer Gjertrud.

VONDT FARVEL

For Gjertrud blei det ein dag med blanda følelser då reserveoppdraget var over.

– Ein dag me sat og åt, stoppa bussen utanfor. Inn på kjøkkenet kom Valborg; ho var sett fri. «Mamma!» ropa Eva. «Mannen,» sa Håkon; han kjende henne ikkje. Dette var rett før jul. Valborg tok med seg Eva og reiste til Finnøy, der ho kom ifrå, for å vera der i jule- og nyttårshelga. Håkon blei igjen hjå meg. Eg hugsar dagen då eg trilla han ned til etter at mora og søstera var heimkomen frå Finnøy. Det var fælt å gå ifrå han. Han var så gild, så gild.

GLEDESBODET

Fire månader seinare skulle sluttstreken bli sett for den fem år lange, mørke historiekapittelet.

– Erling Slettebø kom kjørande med godsruta frå Stavanger. I Stavanger var ikkje folk sikre, men då han kom til Sandnes, fekk han vita at det var avgjort, at krigen var slutt. Då kjøpte han norske flagg. Eg heldt på å hyppa nokre fører utanfor huset for å gjera klar eit eller anna som me skulle så. Mens eg låg der i åkeren, kom erling kjørande seint forbi med vaiande flagg. Ikkje lenge etterpå kom lensmannen og leverte tilbake radioen vår. Og så kom nabokona Inga springande. Eg ser henne for meg der ho dansa rundt på kjøkkengolvet vårt. Det var 7. mai, ikkje den 8, understreka Gjertrud.

På Gjedrem har det i alle år etter 1945 vore flagga den 7. mai.

*



Minnetavla på Gjedrem

Aaland Gård, mai 2015
Paul Tengesdal